

Signering av protokoll-6-27.10.25.pdf

Dette dokumentet er signert digitalt av:

Anita Husøy Riskedal	04.11.2025	med Norsk BankID
Håvard Handeland	06.11.2025	med Norsk BankID
Irene Heng Lauvsnes	04.11.2025	med Norsk BankID
Mads Drange	31.10.2025	med Norsk BankID



Signert elektronisk med styreplan.no. Sjå vedlegg i denne PDF-filen for meir dokumentasjon.



Representantskapet i Ryfylke IKS

Dato: Måndag 27.10.2025, 12:00 - 15:00 (CET)
Stad: Norsk Spennbetong, Forsand
Behandlingsmåte: Fysisk møte

Protokoll fra Representantskapsmøte 6

Delteke:

Irene Heng Lauvsnes, Representant Strand kommune

Håvard Handeland, Representant Sauda kommune

Anita Husøy Riskedal, Representant Hjelmeland kommune

Mads Drange, Representant Suldal kommune

Eirik Daniel Fatnes, Styreleiar

Ingrid Roth, Dagleg leiar Ryfylke IKS

Forfall:

Kenny Rettore, Representant Sandnes kommune

Kristoffer Birkedal, Vararepresentant Sandnes kommune

Janne Johnsen, Styremedlem

Bodil Sivertsen, Administrasjon

Hans Erik Utne, Administrasjon

Heidi Klaveness, Administrasjon

Siri Halvorsen, Administrasjon

Sak 35-25 - Opning av møtet

- Godkjenning av innkalling og saksliste ([IKS-loven § 8](#))
- Liste over deltakarar ([IKS-loven § 9 1. avsnitt](#))

Avgjerd:

 Det ble bestemt å opprette en sak om valg av nestleder til styret og valgkomite 2026. Se sak 47 - 25

Sak 36-25 - Protokollbehandling

Protokoll frå tidlegare møte(r) til gjennomgang.

Sak 37-25 - Opprettelse av Ryfylke interkommunale politiske råd (Ryfylke IPR)

Bakgrunn:

Kommunestyrene i Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda har behandlet sak om opprettelse av et interkommunalt politisk råd (IPR) for Ryfylke. Formålet er å styrke det politiske samarbeidet mellom kommunene, og å ha et felles politisk organ som kan fremme Ryfylke sine interesser regionalt og nasjonalt.

Formål og organisering:

Ryfylke IPR skal være et felles interessepolitisk drøftings- og samarbeidsorgan, uten beslutningsmyndighet. Rådet skal bidra til at Ryfylke utvikles som en attraktiv bo- og arbeidsmarkedsregion, og arbeide langs tre hovedlinjer:

1. Fremme regionens interesser mot nasjonale og regionale myndigheter.
2. Avgi felles uttalelser i saker av regional betydning.
3. Ta initiativ til strategier og utredninger som styrker regionen.

Rådet etableres etter kommunelovens kapittel 18, og er ikke eget rettssubjekt. Ryfylke IKS vil ivareta administrative oppgaver for rådet. Kommunedirektørene i deltakerkommunene utgjør rådets administrative utredningskapasitet.

Sammensetning:

Representantskapet i Ryfylke IPR får samme sammensetning som representantskapet i Ryfylke IKS – ett medlem og to personlige varamedlemmer fra hver kommune. Leder- og kontorkommuneverv går på rundgang hvert andre år.

Økonomi:

Hver kommune bidrar med et engangsinnskudd på kr 25 000 til et disposisjonsfond, samt kr 25 000 i årlig driftstilskudd til Ryfylke IKS for administrativ støtte til rådet.

Status:

Kommunedirektørene i de fire kommunene anbefaler likelydende vedtak i kommunestyrene, og det legges opp til konstituerende møte i representantskapet så snart alle vedtak foreligger.

Vedlegg: 1 saksutredning Strand kommune. 2 samarbeidsavtale. 3 kommuneloven kap 17 og 18

Avgjerd:

 **Representantskapet i Ryfylke IKS bes ta saken til orientering.**

Sak 38-25 - Heim te Ryfylke

Heim te Ryfylke

Etter ei grundig vurdering konkluderte administrasjonen at prosjektet «Heim te Ryfylke» hadde behov for å byta leverandør. RIKS har no signert kontrakt med **Advania**, i samarbeid med **Hike kommunikasjon**, som skal levere den digitale løysinga. Leverandørskiftet har ført til noko forseinking i framdrifta, og lansering er venta i løpet av første kvartal 2026.

Heim te Ryfylke er eit strategisk verkemiddel for å styrka rekruttering og attraktivitet både regionalt og lokalt. Plattformen skal knyta ungdom, arbeidsgivarar og lokalsamfunn tettare saman, og på ein engasjerande og effektiv måte synleggjera korleis det er å bu, leva og jobba i Ryfylke – særleg retta mot ei yngre målgruppe.

Prosjektet støttar opp under Ryfylke IKS sin visjon og det prioriterte satsingsområdet **«rekruttering»**. Det er lagt eit tidsperspektiv på ti år, og det er tilsett ein prosjektleiar for tre år som skal driva arbeidet framover. Det skal òg utarbeidast en finansieringsmodell som sikrar ei berekraftig løysing over tid.

Workshop og forankring

For å forankre Heim te Ryfylke regionalt og ta omsyn til behova til kommunane, næringslivet og regionen som heilskap har RIKS fasilitert fleire Workshops på Hjelmeland, med 10-15 deltakarar per samling – deltakarane kjem frå heile regionen.

Målet er å etablere ei felles forståing av utfordringsbiletet, identifisere sentrale behov og definere dei tiltaka som skal liggje til grunn for vidare utvikling av Heim te Ryfylke. Deltakarane får også høve til å vera med som testbrukerar i utviklinga av løysinga.

Advania leia den siste workshopen – det var høg energi og sterkt engasjement i rommet. Deltakarane ga tydeleg uttrykk for at tidspunktet no er rett for å **samle kreftene og utvikle eit felles initiativ** som kan sameine kommunar, næringsliv og unge vaksne. Heim te Ryfylke blei oppfatta som eit tiltak med potensial til å skapa varig verdi og byggja regional stoltheit.

Dette var fokusområda:

- **Kartlegging:** Identifisering av dagens rekrutteringsutfordringar og manglar i arbeidsmarknaden i dag.
- **How Might We:** Kreativ prosess der utfordringar blei snudde til moglegheiter.
- **Behov og bidrag:** Gruppediskusjonar om kva deltakarane treng frå prosjektet – og kva dei sjølve kan bidra med.
- **Prioritering:** Felles vurdering av kva funksjonar/tiltak/behov som gir størst verdi og bør prioriterast først.

Resultatet blei eit mangfald av konkrete forslag og eit tydeleg signal om at **regionen ønskjer å samarbeida på tvers**. Mange framheva kor viktig det er å byggja éin felles regional identitet og eit felles digitalt nav – der **Heim te Ryfylke kan vera sjølve limet mellom aktørane**.

Dei viktigaste funna

1. **Rekruttering og tilflytting:** Det må bli lettare for unge å finna bustad, jobb og fellesskap i Ryfylke gjennom betre synlegheit, møteplassar og tiltak som styrkjer tilhøyrslø og rekruttering.
2. **Kommunikasjon og synlegheit:** Historia om Ryfylke må bli formidla på ein ungdomsretta og engasjerande måte gjennom sosiale medium, kampanjar og visuelle forteljingar som viser fram «det gode livet i Ryfylke».
3. **Samarbeid og forankring:** Heim te Ryfylke må bli den felles digitale inngangsportalen for regionen – ein stad der både kommunar og næringsliv kan bidra med oppdatert innhald. Det må etablerast tydeleg rolle- og ansvarsdeling for å sikra kontinuitet og drift over tid. Fleire anbefalte eit fast arbeidsgivarforum for å knyta næringsliv og offentleg sektor tettare til prosjektet.

Prioriterte tema for vidare arbeid

1. **Synlegheit og kommunikasjon:** Etablere ein tydeleg digital merkevare for Ryfylke og bruka *Heim te Ryfylke* som forteljarplattform.
2. **Tilhøyrslø og fellesskap:** Utvikla tiltak som nettverk og møteplassar som skapar stoltheit og fellesskap.
3. **Bustad og praktisk tilrettelegging:** Samarbeida med kommunane for å synleggjera tilgjengelege bustader og tomter.
4. **Felles eigarskap og drift:** Etablere styringsstruktur og finansieringsmodell for langsiktig drift.

5. **Kompetanse og samarbeid:** Byggja partnerskap mellom skule, næringsliv og kommunar for å styrkja rekrutteringsgrunnlaget.

Tilrådingar og refleksjon

Workshopen viser at Heim te Ryfylke er meir enn ein digital plattform – det er **eit regionalt prosjekt for framtida**. Den samla innsatsen frå deltakarane viser vilje til handling og ei felles forståing av at samarbeid er nøkkelen til å lukkast.

Med tydeleg fokus på brukarbehov, moderne teknologi og sterk involvering frå både kommunar, næringsliv og ungdom, har Heim te Ryfylke potensial til å bli eit sentralt verktøy for å styrkja tilflytting, kompetanse og identitet i Ryfylke.

Prosjektet står no godt rusta til å gå frå innsikt til handling – med felles eigarskap, tydeleg retning og solid forankring.

Vurdering

For at Heim te Ryfylke skal bli den føretrekte rekrutteringskanalen og bidra til å styrkja tilflytting og regional attraktivitet, må prosjektet ha brei forankring i kommunane. Det er avgjerande at kommunane stiller seg bak satsinga, set av ressursar og gir sine medarbeidarar mandat til å delta aktivt i vidare utvikling og implementering av løysinga.

Prosjektet gir Ryfylke ein unik moglegheit til å samla regionen om éin felles digital plattform, med eit tydeleg budskap og ei samla forteljing om Ryfylke som ein attraktiv stad å bu, leva og arbeida. Gjennom felles innsats frå kommunar og næringsliv kan Heim te Ryfylke bli eit effektivt verkemiddel for rekruttering, omdømebygging og regional identitet.

Prosjektleiari vil presentere konseptet og veien vidare under møtet.

Framlegg til vedtak

- **Representantskapet støttar vidare utvikling av Heim te Ryfylke som ein felles rekrutterings- og profileringskanal for regionen.**
- **Kommunane i Ryfylke blir oppmoda om å forankra prosjektet politisk og administrativt, og gje relevante medarbeidarar mandat til å delta aktivt i arbeidet.**
 - **Utnemner ein kontaktperson** i kommunen som kan vera bindeledd mellom prosjektet og administrasjonen (til dømes innan kultur og eller næring).
 - **Gje aktuelle medarbeidarar mandat** og til å delta når me inviterer til workshops, møter og dialogprosessar.
 - **Sikra politisk forankring** ved å orientera kommunestyret og/eller relevante utval slik at prosjektet får nødvendig legitimitet og eigarskap lokalt.

Avgjerd:

 **Representantskapet støttar vidare utvikling av Heim te Ryfylke som ein felles rekrutterings- og profileringskanal for regionen.**

Sak 39-25 - Kartlegging av framtidige næringsareal i Hjelmeland – status og vidare prosess

Bakgrunn

Hjelmeland kommune er i gang med rullering av kommuneplanen si arealdel. Som del av arbeidet gjennomfører kommunen no ei kartlegging av eigna areal for framtidig nærings- og industriverksemd. Prosjektet blir leia av Ryfylke IKS/New Kaupang i tett samarbeid med Hjelmeland kommune og lokalt næringsliv.

Formål

Målet er å skaffe eit oppdatert og operativt kunnskapsgrunnlag som gjer kommunen i stand til å peike ut robuste, utviklingsklare næringsareal i den nye arealdelen – på land, i sjø og i fjell. Kartlegginga skal bidra til at Hjelmeland står føre var i møte med etableringsførespurnader og kan leggje til rette for berekraftig vekst.

Om prosjektet (innhald og metodikk)

Arbeidet omfattar ei samla vurdering av:

- Arealstorleik og reguleringsstatus
- Energитilgang, vatn og avløp
- Logistikk og tilgjenge, inkl. hamn/veg
- Moglegheiter for sirkulære løysingar og arealeffektiv bruk

Prosjektet handlar ikkje berre om å identifisere tomter, men om å sikre at områda er framtidsretta og tilpassa behova i næringslivet.

Medverknad og innspel

Prosjektet blir gjennomført i tett dialog med lokalt næringsliv. Bedrifter og aktørar blir inviterte til å spele inn behov og føresetnader for vidare vekst, samt kva som kan gjere Hjelmeland meir attraktiv for nye etableringar.

Organisering og roller

- Oppdragsgivar: Hjelmeland kommune
- Prosjektleiing: Ryfylke IKS/New Kaupang
- Medverknad: Lokalt næringsliv og relevante kommunale einingar

Framdrift og leveransar

Arbeidet skal munne ut i:

1. Kart og utvalskriterium for aktuelle næringsareal
2. Fagleg vurdering av utviklingsmoglegheiter og risiko/omsyn
3. Tilrådde areal til innarbeiding i ny arealdel av kommuneplanen

Tilråding

Representantskapet tek saka til orientering.

Avgjerd:

 Representantskapet tek saka til orientering.

Sak 40-25 - Marin kartlegging i Ryfylke – orientering om søknad til Regionalt næringsfond

Bakgrunn

Ryfylke IKS har på vegne av Ryfylkerådet og kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand sendt søknad til Regionalt næringsfond 2025 om støtte til prosjektet «*Marin kartlegging i Ryfylke*» Formålet med prosjektet er å etablere eit samla og oppdatert kunnskapsgrunnlag for sjøareala i Ryfylke, som skal danne basis for framtidig arealforvaltning, næringsutvikling og miljøarbeid.

Mangelen på detaljert marin kartinformasjon gjer planlegging og forvaltning av kystsonen krevjande. Prosjektet skal bidra til å gi kommunane og regionale aktørar eit betre fagleg grunnlag for beslutningar innan mellom anna akvakultur, energi, friluftsliv, naturmangfald og infrastruktur.

Prosjektinnhald

Prosjektet skal gjennomføre systematisk kartlegging av sjøbotn og marine naturtypar i Ryfylke, basert på metodikken *NiN – Natur i Norge*.

Kartlegginga vil gi informasjon om bunnforhold, sedimenttypar, dybder, naturtypar og økologisk tilstand, og resultatet skal gjerast tilgjengeleg i offentlege kartløyser for kommunar, næringsliv og innbyggjarar.

Hovudmål:

Å gjennomføre ein samla marin kartlegging i Ryfylke og etablere ei felles løysing for datadeling og bruk.

Delmål:

1. Definere behov og geografiske avgrensingar.
2. Gjennomføre kartlegging og analysar av prioriterte sjøområde.
3. Tilgjengeleggjere data og resultat i offentlege kartløyser.

Organisering

- Prosjekteigar: Ryfylkerådet
- Prosjektansvarleg og -leiar: Ryfylke IKS v/ Ketil Barkved
- Deltakande kommunar: Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand (Sandnes og nabokommunar blir invitert til samarbeid)
- Samarbeidspartnarar: Kartverket, Norkyst, New Kaupang, Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren, Stavanger kommune og Blue Planet.

Prosjektet blir gjennomført i tre arbeidspakkar:

1. Definere (2025–2026): behov, område, leverandørar og budsjett.

2. Gjennomføre (2026–2027): kartlegging og datainnsamling.
3. Tilgjengeleggjere resultat (2027): analyse og publisering av data.

Finansiering

Total kostnadsramme: 13,56 mill. kr.

- Søknad til Rogaland fylkeskommune (Regionalt næringsfond): 1,0 mill. kr.
- Forventa finansiering frå aktørar som til dels Ryfylkefondet og andre 12,2 mill. kr.
- Eigeninnsats Ryfylke IKS og kommunane: 0,36 mill. kr.

Betydning

Prosjektet vil styrkje Ryfylke sitt arbeid med bærekraftig arealforvaltning, næringsutvikling og samfunnsplanlegging, og gi:

- betre grunnlag for kommuneplanar og havbruksplanar
- redusert konfliktnivå mellom bruk og vern
- auka kunnskap for næringsliv og offentleg forvaltning
- moglegheit for samordna data med Stavanger-prosjektet *Marine grunnkart i kystsona*

Prosjektet er eit direkte oppfølgingstiltak av strategien for Ryfylke IKS 2026–2031, der kunnskapsgrunnlag og næringsinfrastruktur er sentrale prioriteringar.

Status

Søknaden er sendt til Rogaland fylkeskommune for behandling. Forventa oppstart av prosjektet er hausten 2025, med varigheit til hausten 2027. Ryfylke IKS vil informere representantskapet vidare når svar på søknaden ligg føre.

Tilråding

Representantskapet tek saka til orientering.

Avgjerd:

 Representantskapet tek saka til orientering.

Sak 41-25 - Evaluering av ordninga med gratis ungdomsbillett (U23) i Ryfylke

Saksbehandlar: Nina Fjellskaalnes

Bakgrunn

I september 2024 vart ordninga med refusjon av ungdomsbilletten (U23) etablert i Ryfylke (**sak 33/24**). Målet var å gjere kollektivtilbodet meir attraktivt for ungdom, bidra til grøn mobilitet og styrkje regionen si attraktivitet.

Ordninga gjeld for ungdom busett i kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand-delen av Sandnes kommune. Etter eitt års drift er det gjennomført ei evaluering basert på innsendte refusjonsskjema.

Se vedlegg for evaluering og saksutgreiing

Framlegg til vedtak

- Representantskapet tek evalueringa av ordninga med gratis ungdomsbillett (U23) i Ryfylke til orientering.
- Representantskapet vedtar at ordninga vert vidareført for perioden 2026–2027.

Dersom ordninga ikkje vert vidareført, må det planleggjast for avvikling frå 1. januar 2026.

Avgjerd:

 Representantskapet tek evalueringa av ordninga med gratis ungdomsbillett (U23) i Ryfylke til orientering. Representantskapet vedtar at ordninga vert vidareført for perioden 2026–2027.

Sak 42-25 - Strategi Ryfylke IKS 2026 - 2031

Strategiprosess for Ryfylke IKS 2026–2031 – vedtak av strategi, handlingsplan og kommunikasjonsstrategi

Bakgrunn

I vedtak 21 - 25 bad representantskapet dagleg leiar om å utarbeide ein ny strategi for perioden 2026–2031.

Strategien skulle stake ut kursen for vidare arbeid og utvikling i Ryfylke IKS og byggje vidare på vedtekte satsingsområde:

- **Næringsarbeid** – særleg innan havbruk, industri, landbruk og reiseliv
- **Rekruttering og kompetanse** – samarbeid mellom næringsliv og kommunar
- **Mobilitet** – infrastruktur, transport og tilgang til straum og arbeidsmarknader

Strategiarbeidet skulle munne ut i tre dokument:

ein oppdatert **strategi**, ein **handlingsplan** og ein **kommunikasjonsstrategi**.

Vurdering

Arbeidet er no fullført. Strategiprosessen har vore breitt forankra i eigarkommunane, styret, tilsette og samarbeidspartnarar i regionen.

Resultatet er tre samanhengande dokument som til saman gir eit heilskapleg styringsgrunnlag for perioden 2026–2031:

1. Strategi 2026–2031, vedlegg

- Fastset visjon, mål og strategiske satsingsområde for Ryfylke IKS.

- Byggjer på føremålet om å vere ein *drivkraft for eit livskraftig Ryfylke* – med framtidstru, livsglede og attraktive arbeids- og bumiljø.
- Legg til grunn tre prioriterte satsingsområde: **næringsarbeid, rekruttering og mobilitet.**

2. Handlingsplan, vedlegg

- Konkretiserer tiltak, tidsplan og ressursbruk.
- Skal fungere som styringsverktøy og rullerast årleg.

3. Kommunikasjonsstrategi, vedlegg

- Sikrar forankring og felles forståing av strategien internt og eksternt.
- Styrkjer synleggjeringa av Ryfylke IKS og regionen som heilskap.

Strategien legg grunnlaget for ein tydeleg, målretta og samordna innsats for regional utvikling, verdiskaping og tilflytting i Ryfylke.

Konklusjon

Strategi 2026–2031 med tilhøyrande handlingsplan og kommunikasjonsstrategi for Ryfylke IKS er utarbeidd i tråd med representantskapet si bestilling og er klare for vedtak. Gjennomføringa skal styrkje selskapet si rolle som regional utviklingsaktør og vere retningsgivande for arbeidet dei neste fem åra.

Forslag til vedtak

1. Representantskapet vedtek **Strategi 2026–2031 for Ryfylke IKS**, slik den ligg føre.
2. Representantskapet vedtek tilhøyrande **Handlingsplan** som konkretiserer gjennomføring av strategien.
3. Representantskapet vedtek **Kommunikasjonsstrategi for Ryfylke IKS**, som skal støtte implementering, synleggjering og forankring av strategien.
4. Representantskapet ber styret og dagleg leiar følgje opp gjennomføringa i tråd med handlingsplanen og rapportere årleg på status, resultat og eventuelle behov for justeringar.
5. Strategien skal evaluerast og eventuelt reviderast i 2028.

Avgjerd:

 Forslag til vedtak Representantskapet vedtek Strategi 2026–2031 for Ryfylke IKS, slik den ligg føre. Representantskapet vedtek tilhøyrande Handlingsplan som konkretiserer gjennomføring av strategien. Representantskapet vedtek Kommunikasjonsstrategi for Ryfylke IKS, som skal støtte implementering, synleggjering og forankring av strategien. Representantskapet ber styret og dagleg leiar følgje opp gjennomføringa i tråd med handlingsplanen og rapportere årleg på status, resultat og eventuelle behov for justeringar. Strategien skal evaluerast og eventuelt reviderast i 2028.

Sak 43-25 - Fylkesdelsplan - dato for møte

Rogaland fylkeskommune er i gang med arbeidet med [fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet](#). Planprogrammet er planlagt lagt ut på høring etter behandling i fylkesutvalget i slutten av oktober.

I forbindelse med planarbeidet ønsker Rogaland fylkeskommune å inviterer seg selv til et møte i hvert av de fem interkommunale politiske rådene i fylket våren 2026. Formålet med møte er å informere om og diskutere planarbeidet, og få innspill på hva de enkelte rådene er særlig opptatt av knyttet til regional planen.

De ber om en avklaring av interessen fra Representantskapet for et slikt møte og alternative møtedatoer våren 2026, samt evt tidsramme.

Avgjerd:

 Representantskapet er interessert i et slik møte og vil komme tilbake til mulige datoer etter neste møte 16/12 hvor møteplan for 2026 settes.

Sak 44-25 - Søknad om uttreden frå Ryfylke IKS – Sandnes kommune

Bakgrunn

Sandnes kommunestyre handsama deltakinga i regionale råd og selskap hausten 2024 og vedtok å konsentrere formelle råd om nord-Jæren. **19.05.2025** vedtok kommunestyret i sak **62/25** å søkje om **uttreden frå Ryfylke IKS**, med heimel i **selskapsavtalen av 08.01.2024 § 12.2** og **IKS-lova § 30**. Ordførar har oversendt søknaden til selskapet og bedt om at styret førebur saka for representantskapet og deltakarkommunane sine kommunestyrer, med særleg vekt på å avklare **oppseiingsperiode og tidspunkt for uttreden** av omsyn til HP/ØP 2026–2029.

Vurdering

Søknaden utløyser ein prosess som må sikre:

- **rettsleg ryddigheit** (følgje selskapsavtale og IKS-lov),
- **økonomisk føreseielegheit** (tilskot, oppgjør, eventuelle bundne midlar/tilskot),
- **driftskontinuitet** i pågåande prosjekt og avtalar der Sandnes inngår,
- oppdatert **eigarstruktur og styringsorgan** frå uttredingstidspunktet, utan å svekkje selskapet si evne til å levere på vedtekne mål.

Det ligg føre eit legitimt behov for rask avklaring av tidspunkt og budsjettføresetnader, samstundes som prosessen må gjennomførast grundig med likebehandling av partane og open dokumentasjon til eigarkommunane.

Økonomiske og administrative konsekvensar (overordna)

- Redusert eigarbrøk/tilskot frå uttredingstidspunktet; behov for å **revidere budsjett** for oppseiingsperioden og første heile driftsår etter uttreden.
- **Etteroppgjør** i tråd med selskapsavtale/IKS-lov, inkl. vurdering av innskotskapital, bundne midlar og pågåande tilskotsfinansierte aktivitetar.

- **Oppdatering av selskapsavtale** og registrer (Brønnøysund), samt samansetjing av representantskap og styre.
- Administrative ressursar i selskapsleiinga til forhandlingar, avklaringar og dokumenthandsaming.

Forslag til vedtak

1. Representantskapet tek søknaden frå **Sandnes kommune** om uttreden frå Ryfylke IKS til følge og godkjenner at det blir sett i verk formell uttredingsprosess i samsvar med **selskapsavtalen § 12.2** og **IKS-lova § 30**.
2. Representantskapet fastset at **uttredenstidspunktet skal vere 31.12.2026**.
3. Styret blir bedt om å utarbeide og leggje fram ei samla **vedtakspakke** for deltakarkommunane sine kommunestyre og representantskapet som omfattar:
 - a) budsjettmessige føresetnader for **tilskot/innbetalingar i oppseiingsperioden fram til 31.12.2026**,
 - b) **økonomisk oppgjør** (innskotskapital/etteroppgjør) og fordeling av eigardelar, ansvar og forpliktingar per **31.12.2026**,
 - c) handsaming av **pågåande prosjekt/avtalar** der Sandnes inngår, inkl. eventuelle prosjektvise vidareføringsavtalar, rettar til data og resultat,
 - d) oppdatert **selskapsavtale** (eigarbrøk, representantskap/styre m.m.) gjeldande **frå 01.01.2027**.
4. Styret og dagleg leiar får fullmakt til å gjennomføre nødvendige **forhandlingar og avklaringar** med Sandnes kommune for å sikre ordna overgang og like føresetnader for budsjettarbeidet (HP/ØP 2026–2029) i både kommunen og selskapet.
5. Representantskapet tek til etterretning at Sandnes kommune har varsla innspel til valkomiteen om **gjenvæl av styremedlem Nina O. Høiland** med tenestetid ut oppseiingsperioden. Valkomiteen blir beden om å leggje fram framlegg til styresamansetjing for perioden fram til uttreden er effektivt.
6. Styret skal leggje fram **endeleg sak** for representantskapet med økonomisk oppgjør og revidert selskapsavtale innan praktisk og rettsleg mogleg, og seinast i løpet av **2026**, slik at budsjettføresetnader i oppseiingsperioden kan samkøyrast.

Avgjerd:



Forslag til vedtak Representantskapet tek søknaden frå Sandnes kommune om uttreden frå Ryfylke IKS til følgje og godkjenner at det blir sett i verk formell uttredingsprosess i samsvar med selskapsavtalen § 12.2 og IKS-lova § 30. Representantskapet fastset at uttredenstidspunktet skal vere 31.12.2026. Styret blir bedt om å utarbeide og leggje fram ei samla vedtakspakke for deltakar-kommunane sine kommunestyre og representantskapet som omfattar: a) budsjettmessige føresetnader for tilskot/innbetalingar i oppseiingsperioden fram til 31.12.2026, b) økonomisk oppgjør (innskotskapital/etteroppgjør) og fordeling av eigardelar, ansvar og forpliktingar per 31.12.2026, c) handsaming av pågåande prosjekt/avtalar der Sandnes inngår, inkl. eventuelle prosjektvise vidareføringsavtalar, rettar til data og resultat, d) oppdatert selskapsavtale (eigarbrøk, representantskap/styre m.m.) gjeldande frå 01.01.2027. Styret og dagleg leiar får fullmakt til å gjennomføre nødvendige forhandlingar og avklaringar med Sandnes kommune for å sikre ordna overgang og like føresetnader for budsjettarbeidet (HP/ØP 2026–2029) i både kommunen og selskapet. Representantskapet tek til etterretning at Sandnes kommune har varsla innspel til valkomiteen om gjenval av styremedlem Nina O. Høiland med tenestetid ut oppseiingsperioden. Valkomiteen blir beden om å leggje fram framlegg til styresamansetjing for perioden fram til uttreden er effektivt. Styret skal leggje fram endeleg sak for representantskapet med økonomisk oppgjør og revidert selskapsavtale innan praktisk og rettsleg mogleg, og seinast i løpet av 2026, slik at budsjettføresetnader i oppseiingsperioden kan samkøyrast.

Sak 45-25 - Styreinstrukser ungdomsstyret

Saksbehandler: Andrea Hebnes Tobek

Styreinstruks Ungdomsstyret i Ryfylke

Saksframlegg:

STYREINSTRUKS FOR UNGDOMSSTYRET I RYFYLKE

1. Formål

Styreinstruks skal sikre klar rolleforståing, strukturert arbeidsform og godt samarbeid i Ungdomsstyret i Ryfylke. Styret skal vera ein pådrivar for ungdomsmedverknad, identitetsbygging og utvikling av Ryfylkeregionen som ein attraktiv stad å bu og arbeide for unge.

2. Mandat og arbeidsområde

Ungdomsstyret sitt arbeid byggjer på vedtektene og handlingsplanen som er vedtatt av representantskapet. Styret skal:

- Vere ein regional verkstad for ungdomspolitisk påverknad.
- Vera høyringsinstans og initiativtakar i saker som gjeld ungdom sine vilkår.
- Arbeide for betre samhandling mellom unge, kommunar, næringsliv og utdanningsinstitusjonar.
- Bidra til realisering av prosjekta i handlingsplanen som til dels Ryrekrutt og Heim te Ryfylke.

3. Samansetjing og val

Styret er sett saman av:

- Ein representant og ein vara frå ungdomsrådet i kvar deltakar-kommune (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand, Sandnes) – i alderen 15–20 år.
- Ein representant og ein vara peika ut av Representantskapet frå kvar kommune i alderen 20–25 år.
- Valperioden er 2 år, med val annakvart år for dei to aldersgruppene.

Styret konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar. Leiar har møte- og talerett i Representantskapet.

4. Møteverksemd

- Det skal haldast minst seks møte i året, der minst to skal vere fysiske.
- Møte skal normalt leggjast i forkant av Representantskapet sine møte.
- Innkalling og saksliste skal sendast ut minst ei veke før møte.
- Dagsorden skal innehalde: godkjenning av innkalling og referat, meldingar, økonomistatus og aktuelle saker.
- Referat skal skrivast og godkjennast på neste møte.

5. Roller og ansvar

Leiar:

- Godkjenner saksliste og leiar møta.
- Representerer ungdomsstyret utad og når det legges fram saker frå ungdomsstyret i Representantskapet.
- Følgjer opp vedtak og kontakt med administrasjonen.

Nestleiar:

- Støttar leiar og leiar møte ved fråvær.

Arbeidsutval:

- Førebur saker og innstillingar til styremøta.
- Har ansvar for tett dialog med prosjektleiar/administrasjonen

Styremedlem:

- Deltar aktivt i styremøta og diskusjonane.
- Har ansvar for å førebu seg til møta ved å lese gjennom sakspapir og setje seg inn i saker.
- Bidreg til å følgje opp vedtak og tiltak som styret har bestemt.

6. Administrasjon og støtte

- Ryfylke IKS er administrasjon for styret og har ansvar for:
 - Saksutgreiinga
 - Møteinnkalling og referat
 - Økonomihandtering
 - Prosjektleiing

7. Samarbeid og medverknad

- Styret skal jamleg orientere:
 - Representantskapet
 - Ordførarar og kommunale kontaktpersonar
- Styret kan invitere politikarar, næringsliv og fagfolk til møte for dialog og inspirasjon.

8. Planverk og dokumentasjon

- *Rekneskap* skal leggjast fram for Representantskapet.
- *Handlingsplan og budsjett* skal gjelde for ein periode på fire år, men reviderast årleg.
- *Årshjul* med møtetidspunkt og milepælar skal utarbeidast og delast med kommunane.

9. Økonomi og godtgjersle

- Styret følgjer Ryfylke IKS sitt reglement for godtgjersle.
- Ryfylke IKS dekkjer kostnadene for medlemmar over 20 år, kommunane for dei under 20.
- Reiseutgifter og eventuell overnatting vert dekt etter vanleg praksis.

10. Endringar i instruksen

Endringar i styreinstruksen kan vedtakast av Ungdomsstyret med 2/3 fleirtal, og skal godkjennast av Representantskapet.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet i Ryfylke IKS vedtar framlagte forslag til styreinstruks for Ungdomsstyret i Ryfylke

Avgjerd:

 Representantskapet i Ryfylke IKS vedtar framlagte forslag til styreinstruks for Ungdomsstyret i Ryfylke

Sak 46-25 - Eventuelt

Avgjerd:

 Ingen saker under eventuelt

Sak 47-25 - Valg av nestleder til styret og valgkomite 2026

Valg av nestleder til styret og valgkomité for 2026

Bakgrunn:

Saken skulle vært behandlet i møte 4 den **26. juni 2025**, men ble ved en feil ikke tatt opp. Den tas derfor opp til behandling i **møte 5 den 27. oktober 2025**.

I henhold til organisasjonens vedtekter skal representantskapet velge nestleder til styret, samt fastsette valgkomité for kommende valgperiode.

Saksframstilling:

Etter konstitueringen av nytt styre gjenstår det å formelt velge nestleder.

Nina Othilie Høiland er allerede valgt som styremedlem, og valgkomiteen foreslår at hun også velges som **nestleder**.

Videre skal det oppnevnes valgkomité for valg i 2026. For å sikre bred representasjon og forenkle prosessen foreslås det at **representantskapet selv utgjør valgkomiteen**.

1. Valg av nestleder til styret

Forslag til vedtak:

Representantskapet velger **Nina Othilie Høiland** som **nestleder i styret**.

2. Valg av valgkomité for 2026

Forslag til vedtak:

Representantskapet beslutter at **representantskapet selv utgjør valgkomiteen for 2026**.

Avgjerd:

 **1. Representantskapet velger Nina Othilie Høiland som nestleder i styret. 2. Representantskapet beslutter at representantskapet selv utgjør valgkomiteen for 2026.**

Signering

*Signert av Irene Heng Lauvsnes
04.11.2025, 08:31 CET med Norsk BankID*

Irene Heng Lauvsnes
Representant Strand
kommune

*Signert av Håvard Handeland
06.11.2025, 18:12 CET med Norsk BankID*

Håvard Handeland
Representant Sauda kommune

*Signert av Anita Husøy Riskedal
04.11.2025, 09:05 CET med Norsk BankID*

Anita Husøy Riskedal
Representant Hjelmeland
kommune

*Signert av Mads Drange
31.10.2025, 09:48 CET med Norsk BankID*

Mads Drange
Representant Suldal kommune